

Sei opp EØS-avtalen!

Det er no 25 år sidan EØS-avtalen blei gjort gjeldande for Noreg. Avtalen var meint som eit springbrett for Noreg inn i EU, men slik gjekk det heldigvis ikkje. Noreg sa Nei til EU 28.nov.1994!

Den vetoretten som EØS-tilhengarane dekkja seg bak, er berre forsøkt brukt ein gong – mot EU sitt postdirektiv, og er berre eit skalkesjul. Med EØS-avtalen kjem ein flaum av forordningar og direktiv som direkte påverkar det norske samfunnet – ikkje minst arbeidslivet; med billeg arbeidskraft frå Aust-Europa og utstrakt bruk av sosial dumping.

No har Fellesforbundet avd.5 i Bergen fått nok og krev at EØS-avtalen blir sagt opp! Bakgrunnen er den stadige forverringa av forholda i arbeidslivet og overstyringa av norske lover og regelverk gjennom EØS-avtalen.

Verkstadoverenskomsten frå 1907 om dekning av reise, kost og losji for tilreisande arbeidar, er sett ut av kraft. Hamnearbeidarane har fått sine løns - og arbeidsvilkår forverra og ESA har overstyrt norsk Høgsterett i verftsdommen frå 2013. Og dette er berre toppen av isfjellet!

Nei til EU er glad for den kursendringa vi no ser innanfor fagrørsla. Vi håpar Fellesforbundet avd. 5 si kursendring vil få ringverknadar og føre til eit massivt krav frå heile fagrørsla om at det norske samfunnet ikkje er tent med EØS-avtalen. Den må seiast opp!

Fylkesårsmøtet i Sogn og Fjordane NtEU